

Siger til Rosendal/Trio damene

22.04.2018



Bilete av R/T damene på trening tidligare i vinter.

**Årets første heimekamp for Rosendal/Trio (R/T) var mot Askøy. Det vart ein trillar av ein kamp der R/T først eit minutt på overtid i 2. omgang klarte å sette ballen i mål til sluttresultat 2-1.**

Askøy overraska R/T litt med å spela lange ballar i starten av denne kampen og kom etter med godt press, dette førte til ein rask skåring for Askøy etter bare 7 minutts spel.

R/T vart litt overraska av spelet til Askøy og kom litt bakpå i første halvdel av 1. omgang. Etter nokre justeringar jobba R/T seg godt inn i kampen og etter spelt om lag 25 min tok dei meir over styringa i kampen. R/T hadde mange sjansar til å utlikna og gå i leiinga i 1. omg. men ballen vil ikkje i mål.

Etter pausen fortsette R/T på same måte som i slutten av 1. omgang, vinner det meste på midtbana legger eit bra trykk på Askøy. Etter 51 min. spel får R/T corner. Aria slår inn ein glimrande corner som i første omgang blir klarert ut til venstre av Askøy. Aria får igjen ballen og slår den på nytt inn i feltet, der Gøril får «pannebrasken» på ballen og setter den elegant til venstre for keeper og i mål og det står fortent 1-1.

Utover i 2. omgang fortsett R/T å pressa på, mens Askøy mest ikkje har noko å stilla opp med framover og byrjar å gjere feil bakover. Men det lukkast ikkje R/T å scora fleire mål innafor ordinær speletid. Ute i overtidsspelet vart det sendt av garde eit skot som keeper gav retur på, Silje er frampå og set ballen enkelt bak Askøys keeper til sluttresultatet 2-1.

Trenar Tor Gundersen meina dette var eit rettferdig resultat ut frå prestasjonen på bana, noko Askøy sin trenar var samd med. Stor lag siger, all æra til damene/jentene som var med. Dette var ein nervepirrande kamp sett frå trenaren sin ståstad.

Uskedals jenter med i dag:

Andrea Albrethson, Hanna Tvilde, Thea S. Taranger, Silje Soldal, Gørill S. Eik

Tekst: Tor Gundersen / Hans Ordin Østebø

28.11.2020

Uskedal Utvikling

Foto: Rosendal/Trio  
Nett: Hans Ordin Østebø